



## MØTEBOK

### FELLESRÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen.

Ikkje møtt: Tone Sævi.

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen.

Frå kyrjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 23/22 – 25/22

|                |   |
|----------------|---|
| F 20/22        | <b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ<br/>16.11.2022</b> |
| <b>Vedlegg</b> | Møteboka frå 16.11.2022<br>Innkallinga til møtet 13.12.2022       |
| <b>Vedtak:</b> | <b>Referat godkjent utan merknader.</b>                           |

|         |  |
|---------|--|
| F 24/22 | <b>ORIENTERING</b>   |
|         | <ul style="list-style-type: none"><li>• Innkjøp av kamera for overføring til sjukeheimen</li></ul> <b>Sagt i møtet:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• <i>Jostein Hauge står for innkjøp av kamera samt lyskastere til galleriet.</i></li><li>• <i>Det trengs og ein ny rutine for avslutning av alle elektriske komponenter etter bruk, då øydelagt mixepult og kamera kanskje kan sjåast i samanheng med måten strømmen til desse blir kutta på ved å slå av/på ein brytar. Ein plansje blir utarbeidd etter at alt er innkjøpt og montert.</i></li></ul> |

|   |   |
|---|---|
| F 25/22                                   | <b>BUDSJETT 2023</b>  |
| <b>Vedlegg:</b><br>Driftsbudsjett<br>2023 | <b>Bakgrunn:</b><br>Kommunedirektøren sitt framlegg til kommunalt tilskot til soknet er for 2023 kr. 1.125.000,-. Tilskotet er som tidlegare nemnt identisk med |



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

|                |  |
|----------------|--|
|                | <p>tilskotet for 2022, som betyr ingen justering for pris og lønsvekst og er i praksis eit nedtrekk.<br/>Sjå vedlagte driftsbudsjett.</p> <p>Det er ikkje tatt med rekneskapsoversikt for 2021. Dette skuldast at Aider har ein annan måte å samla postane på og ei rekneskapskolonne for 2021 vil virka meir forvirrande. Driftsresultatet i 2021 var eit lite meirforbruk på kr. 24.288,-.</p> <p>Dei enkelte postane i budsjettet er no justert i forhold til dei rammene vi har fått og etter meir erfaring med pengeflyten. Budsjettet er stramt og det er lite sannsynleg at ein vil byggja seg opp eit overskot.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u><br/><i>Fedje sokneråd godkjenner budsjettet for 2023, slik det ligg føre.</i></p> |
| <b>Vedtak:</b> | <p><b>Fedje sokneråd godkjenner budsjettet for 2023, slik det ligg føre.</b></p> <p><b>Sagt i møtet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <i>Mindre husleige i 2023 grunna at soknet måtte gje frå seg eit kontor?</i></li><li>• <i>Soknerådet ønskjer at kyrkjeverje sender vedtak frå F 22/22 til kommunedirektøren.</i></li></ul>  |

|                |   |
|----------------|---|
| <b>S 26/22</b> | <p><b>EVENTUELT</b></p> <p>Det har kommen ein søknad om fritak frå leige av kyrkja ifht. konserten som blei avholdt 2. desember.<br/>Kyrkjelydssekretær informerte om at etter reglementet skal det betalast leige når det er billettinntekter, men lovde at det skulle bli tatt opp som sak på neste møte.</p> <p>Jostein Hauge får fullmakt til innkjøp av lyskastere til galleriet.</p> <p>Soknerådsleiar informerte om at gelenderet på kyrkjetrappa fekk ein kostnad på kr. 30.000,-. Det vart stilt spørsmål frå medlemmane om soknet kunne overføre den utgiften til kommunen på eit seinare tidspunkt, på bakgrunn av at det er utvendige ansvaret ligg på kommunalt budsjett/ansvar.</p> |
| <b>Vedtak:</b> | <p><b>Soknerådet ønskjer å stå ved reglementet for utleige av kyrkja, og det genererer ein faktura til arrangør av konserten.</b></p> <p><b>Forslag frå sekretær at me kan sette opp eit offer til den organinsasjonen i 2023.</b></p>  |



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## MØTEBOK

### SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen.

Ikkje møtt: Tone Sævi.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 18/22 – S 24/22

|                                      |  |
|--------------------------------------|--|
| S 18/22                              | <b>GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ<br/>16.11.2022</b> |
| Vedlegg:<br>Referat og<br>innkalling | Møteboka frå 16.11.2022<br>Innkallinga til møtet 13.12.2022      |
| <b>Vedtak:</b>                       | <b>Referat godkjent utan merknader.</b>                          |

|         |   |
|---------|---|
| S 19/22 | <b>NY BISKOP I BJØRGVIN</b>   |
|         | <p><u>Bakgrunn:</u><br/>Bispedømekontoret har no sendt ut oppfordring til sokneråda om å delta med ei rådgjevande innstilling på kven ein ønskjer som ny biskop etter Halvor Nordhaug.<br/>Bispedømerådet har nominert desse 6 kandidatane (1 kandidat kom til i ettertid etter ein legitim underskriftsaksjon):</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Stephanie Dietrich – professor ved Vid vitenskaplege høgskole</li><li>• Sunniva Gylver – sokneprest Fagerborg</li><li>• Ragnhild Jepsen – domprost Nidaros</li><li>• Nils Terje Lunde – nk trus og livsynskorpset Forsvaret</li><li>• Gudmund Waaler – domprost Bergen</li><li>• Kjersti Gautestad Norheim – sokneprest Birkeland.</li></ul> |



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

|                |  |
|----------------|--|
|                | <p>På heimesidene til Bjørgvin bispedøme ligg det ein presentasjon av alle kandidatane, samt opptak av eit videomøte frå St. Jakob kyrkje frå ein samtale med alle kandidatane samla.</p> <p>Sokneråda skal avgje ein uttale, som vil vera rådgjevande for Kyrkjerådet, som har ansvar for tilsetjinga. Tilsetjing vil skje i februar møtet neste år og siste frist for å senda inn frå sokneråda er altså 5. januar 2023. Det kan vera krevjande å landa ein uttale i komande møte, fordi det vil ta tid å setja seg inn i kva kvar enkelt kandidat står for. Men på bakgrunn av utlagt video og informasjonen på heimesida til bispedømet, kan kvart medlem gjera seg opp ei meining om kven ein ønskjer som ny biskop i Bjørgvin. Det er dette kvart medlem vert oppfordra til å gjera innan utgangen av året og senda over til leiar, som igjen vidare sender soknerådet sitt resultat til kyrkjevevja.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u><br/><i>Soknerådet sine medlemmer vert oppfordra til å gå igjennom bispedømet sin presentasjon av kandidatar og senda inn sin foretrukne kandidat til leiar i soknerådet, innan utgangen av dette året. Leiar vidare sender soknerådet si innstilling (med namn i prioritert rekkefølge) til kyrkjevevja, som sender vedtak om dette inn til Kyrkjerådet innan fristen 5. januar 2023.</i></p> |
| <b>Vedtak:</b> | <b>Soknerådet sine medlemmer vert oppfordra til å gå igjennom bispedømet sin presentasjon av kandidatar og senda inn sin foretrukne kandidat til leiar i soknerådet, innan utgangen av dette året. Leiar vidare sender soknerådet si innstilling (med namn i prioritert rekkefølge) til kyrkjevevja, som sender vedtak om dette inn til Kyrkjerådet innan fristen 5. januar 2023.</b>  |

|         |  |
|---------|--|
| S 20/22 | <b>OPPNEMNING AV NOMINASJONSKOMITE FOR NYTT SOKNERÅD</b>   |
|         | <p><u>Bakgrunn:</u><br/>Soknerådet på Fedje består av 6 faste medlemmer og 4 varamedlemmer. I tillegg kjem kommunal representant som er med på fellesrådssakene og presten, som er fast medlem. Sekretær stiller på kvart møte, men har ikkje stemmerett. Soknerådet på Fedje er eit typisk eitt-sokns råd, som behandlar både fellesråds- og soknerådssaker.</p> <p>Ifølgje forskrifta for gjennomføring av val til sokneråd (og bispedømeråd) kan ein merka seg følgjande:</p> |



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

|                |  |
|----------------|--|
|                | <ul style="list-style-type: none"><li>• Soknerådet er valstyre.</li><li>• Soknerådet oppnemner ei nominasjonsnemd på minimum 3 personar og utpeikar leiar for denne.</li><li>• Lista skal <i>minimum</i> innehalda så mange namn som tilsvare talet på faste medlemmer og varamedlemmer. (For Fedje sin del minst 10 namn)</li><li>• Det bør vera ei grei kjønnsfordeling og ikkje under 40% av eitt av kjønna.</li><li>• Det er ønskeleg at minst 20% av medlemmene er under 30 år.</li><li>• Valbare personar er medlemmer av kyrkja som har fylt 15 år.</li><li>• Kandidatane skal førast opp med namn og fødselsdato.</li><li>• Nominasjonslista skal skrivast under av minst 10 personar. Underskrivarane skal førast opp med opplysningar om fødselsdato og bustad.</li><li>• Personane på nominasjonslista skal førast opp i prioritert rekkefølge.</li><li>• Soknerådet skal godkjenna lista og senda denne inn til valmyndigheita sentralt, seinast innan 31. mars neste år.</li></ul> <p>I nominasjonsprosessen kan ein gjerne bruka Kvardag og Helg, bruka kunnngjeringane i gudstenesta aktivt, laga intervju med noverande medlemmer i soknerådet om kor kjekt og meiningsfylt dette er. Facebook og heimesida kan også nyttast.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u><br/><i>Følgjande personar er oppnemnt til nominasjonsnemd for kyrkjevalet 2023:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>•</li><li>•</li><li>•</li></ul> |
| <b>Vedtak:</b> | <b>Følgjande personar er oppnemnt til nominasjonsnemd for kyrkjevalet 2023:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vilgerd/Oddvar Husa</li><li>• Ishbel/Arild Salte</li><li>• Åse Uthaug Berge</li></ul>  |

|                |   |
|----------------|---|
| <b>S 21/22</b> | <b>GUDSTENESTEPLAN FOR 2023, FØRSTE HALVÅR</b>  |
|                | <p><u>Bakgrunn:</u><br/>Soknepresten har laga utkast til gudstenesteplan, som vert lagt fram for soknerådet.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> |



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

|                |  |
|----------------|--|
|                | <i>Fedje sokneråd godkjenner gudstenesteplan for første halvår, slik den no ligg føre.</i> |
| <b>Vedtak:</b> | <b>Fedje sokneråd godkjenner gudstenesteplan for første halvår, slik den no ligg føre.</b> |

|                |  |
|----------------|--|
| S 22/22        | <b>VAL AV LEIAR</b>  |
|                | Leiar vert velt for 1 år om gongen.                                    |
| <b>Vedtak:</b> | <b>Anna Marit Storemark vart valt til leiar fram til oktober 2023.</b> |

|                |   |
|----------------|---|
| S 23/22        | <b>VAL AV NESTLEIAR</b>   |
|                | Nestleiar vert velt for 1 år om gongen.                         |
| <b>Vedtak:</b> | <b>Tone Sævi vart valt til nestleiar fram til oktober 2023.</b> |

|                |   |
|----------------|---|
| S 24/22        | <b>MØTEPLAN 2023</b>  |
|                | <u>Framlegg til vedtak:</u><br><i>Soknerådet:</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Onsdag 01. februar</li><li>• Onsdag 19. mars</li><li>• Onsdag 10. mai</li></ul><br><i>Arbeidsutvalet (AU):</i> <ul style="list-style-type: none"><li>•</li><li>•</li><li>•</li></ul><br><i>Arbeidsutvalet planlegg møta sine sjølv. Det må også vera eit møte i god tid før 31. mars for å godkjenna ny valliste til kyrkjevalet.</i> |
| <b>Vedtak:</b> | <b>Soknerådet delegerte fordeling av møteplan for 2023 til Arbeidsutvalet.</b>  |